

Til Medlemene

14.02.2019

Tinging av gjødsel, plantevern og driftsmidler for 2019 sesongen

Planter for levering 2020/2021/2022

Frist for tinging hjå oss vert 21.02

Vi har no fått tilbakemelding frå Felleskjøpet om endra bestillingsfristar på plantevern. Vår frist var 4 februar, men vi har fått litt utsetjing på den. Før om åra har de fått bestilt varer etter at NLR hadde hatt plantevernmøte, slik blir det ikkje lenger. Grunnen til dette er at skal vi få varer på plass til sesongstart må den inn no. Sjå nyheitsbrev frå NLR om evt. endringar og bruk plantevernplan frå 2018 når de skal bestilla.

Vi gjer merksam på at alle spesialmiddel og då særleg mikronæringsstoff må de bli flinkare å få desse midla med på hovudordre. Dette er middel som ofte er vanskeleg å få tak i seinare og det er ofte høg frakt. Sognefrukt kan ikkje sitja med lager av slike middel/gjødsel.

Vi gir 3% rabatt på gjødsel og driftsmidler til dei som tingar innan fristen. Plantevern vert det gitt 5% rabatt på.

Vi tek atterhald om prisendringar. Alle gjødselprisar er frå 2018 og vil verta endra.

Det er 3 måtar å tinga på.

1. Bruk fruktprogrammet og vel Hovedordre gjødsel, plantevern eller driftsmiddel.
2. Fyll ut vedlagt liste med det du treng og send til oss. For plantebestillingar vil vi ha det på vedlagt eiga liste.
3. Ring oss og bestill.

Litt orientering elles.

Me veit no at mange planlegg planting av nye felt i 2019 og 2020.. Det er då viktig at de bestiller det som skal til av utstyr på hovedordre. Då er vi sikre på at vi kan få tak i alt de treng i rett tid.

Oppdatering av felt.

Elles ynskjer vi at de går ut i hagen for å telja trea de har av kvar sort.

I tillegg må de ha rad avstand og planteavstand i felta.

Dette kan de registrera sjølv i fruktklienten, eller de kjem med lister som vi kan registrera etter. De skal og registrera planlagt planting for evt. 2020/2021/2022 **For dette arbeidet set vi frist til torsdag 28.02 februar.**



Hovedordre

Ved bestilling av varer på hovedordre i fruktklienten er det berre å leggja antal inn på kvar vare i den lista som kjem opp ved å bruka dei aktuelle knappane på framsida.

Lista kan sorterast alfabetisk ved å klikka på overskrifta «VARE»

Lista kan hentast opp seinare for å endra antallet innan fristen.

T	D	VareNr	Vare	Enhet	Normal	Kampanje	Rebest	Antall	SUM
		5730	ANSIKTSSKJERM KOMPLETT	STK	185,00	179,45	0	0	0,0
		5720	ARBEIDSHANSKAR	STK	35,00	33,95	3,0	0	0,0
		5709	AUGESKOLEFL.MINI-BARI	STK	80,00	77,60	3,0	0	0,0
		6419	Bambusstokk 2,7m	stk	5,00	4,85	3,0	0	0,0
		6418	Bambusstokkar 2,5 m	STK	4,75	4,61	3,0	0	0,0
		6238	Battersaks Infaco F3010 EI	Stk	15500,00	15035,00	3,0	0	0,0
		6403	BAYERTRÅD 3MM	pr. rull	2200,00	2134,00	3,0	0	0,0
		6218	Beskjeringssag cam 18l kort	stk	185,00	179,45	3,0	0	0,0
		6204	BESKJERINGSSAG CAM-24	STK	225,00	218,25	3,0	0	0,0
		6213	Beskjeringssaks APIS 120 DX	stk	280,00	271,50	3,0	0	0,0
		6549	Beskjeringssaks Falco 160 S	stk	195,00	189,15	3,0	0	0,0
		6548	Beskjeringssaks Falco L	stk	195,00	189,15	3,0	0	0,0
		6420	BRINGEBÆRCLIPS PLAST	STK	0,27	0,26	0	0	0,0
		6402	BRINGEBÆRSTAU 10 cm 1/2 kløyvd	STK	38,00	36,86	3,0	0	0,0
		6417	BRINGEBÆRSTRENG	pr. rull	720,00	698,40	3,0	0	0,0
		6700	BÆRNOT PR. M	METER	40,00	38,80	3,0	0	0,0
		6560	Dyse Albuz ATR Gul	Stk	64,00	62,08	3,0	0	0,0
		6562	Dyse Albuz AVI OC 8003 Blå 2-pak	Stk	374,00	362,78	3,0	0	0,0
		6561	Dyse Albuz TVI 015 Grønn ISO	Stk	143,00	138,71	3,0	0	0,0
		6563	Dysesil Albuz	Stk	27,00	26,19	3,0	0	0,0
		5712	EASY AIR FILTER A1	STK	45,00	43,65	3,0	0	0,0
		5711	EASY AIR FILTER P3	STK	55,00	53,35	3,0	0	0,0
		5713	EASY AIR FILTERHOLDAR	STK	15,00	14,55	3,0	0	0,0
		5710	EASY AIR HALVMASKE	STK	155,00	150,35	3,0	0	0,0

Plantefelt

Samanslåing av teigar


Ved omlegging av database til felt og teig er det oppretta ein teig for kvart unikt feltnamn som var tidligare. Viss alle felt hadde forskjellige namn er det no like mange teigar som det er registrert felt. Viss fleire felt hadde same namn er desse no lagt i ein teig med dette namnet. Dette gjer at det kan vera hensiktsmessig for ein del å redusera talet på teigar til å samsvara med naturlige avgrensingar på eigedommen og plassera fleire felt i same teig. Dette er det laga ein enkel rutine på.

Gå inn på teigar og merk dei som skal slåast saman.

Trykk knappen «slå saman»

Alle felt tilhøyrande dei merka teigane vert no tekne med i den samanslåtte.

For å endra namn på teigane kan de dobbelklikka og endra namnet.



Oppdatering av plantefelta gjer de som vist på bildet.

Hent oversikt over felta og dobbelklikk på øvste linje.

Sjå gjennom at registrerte opplysningar stemmer. Eventuelt endra det som er feil. Legg merke til felta til høgre med plantear og siste haustear. Viss siste haustear er 2019 vil felta forsvinna frå lista ved overgang til 2020. Er feltet rydda så set siste år til 2018.

Legg inn dagens dato nede i oppdateringsfeltet ved å klikka på knappen til høgre.

De kan bla nedover i felta med pilene nederst og lagra når siste felt er oppdatert. Det skal og registrerast planlagt planting i år og for dei neste åra

der det er søkt om tilskot eller bestilt planter. Dette for å få rett produksjonsplan fram i tid.

Alle felt må oppdaterast med dagens dato.

